

Til

Idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar i regionane Nordfjord, Sunnfjord og Sogn

Førde, 24. april 2020

Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane tildeler idrettsstipend og støtte til tiltak for barn/ungdom og paraidrett.

Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane vil i juni 2020 dele ut idrettsstipend til unge utøvarar 16-19 år, og støtte til tiltak for barn og ungdom og paraidrett.

Det er særkrinsar/regionar, idrettsråd, idrettslag og særidrettsgrupper i regionane Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, samt unge utøvarar (16-19 år), som representerer idrettslag i regionane Nordfjord, Sunnfjord og Sogn i idrettar og greiner som er tilslutta Norges Idrettsforbund, som kan søke på midlane.

Det er tre kategoriar ein kan søkje på:

- A. Stipend til unge idrettsutøvarar 16-19 år**
- B. Støtteordning til barne- og ungdomsidrett**
- C. Støtteordning til paraidrett**

Retningslinjer for dei ulike kategoriane og søknadsskjema det kan søkjast på ligg ved som eige vedlegg. Vi ber om at dei som mottok informasjon om ordninga vidareformidlar denne informasjonen til aktuelle innanfor sitt organisasjonsledd.

For idrettsstipend (kategori A) er det den enkelte utøvar sjølv som søker, men organisasjonsledda må gjere aktuelle kjend med ordninga og gjeldande søknadsfrist. For støtteordninga til barne- og ungdomsidrett og paraidrett må mottakar av midlar rapportere inn korleis tiltaket er gjennomført og at midlane er brukt som skildra i søknaden så snart tiltaket er gjennomført eller seinast eitt år etter utbetaling av midlar.

Det er styret i Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane som vil vedta tildeling av midlane. Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane kan innhente tilleggsinformasjon frå særkrins/region, Vestland idrettskrets, Norges Idrettsforbund eller Olympiatoppen Vest der ein finn det naudsynt i samband med handsaming av søknadane.

Søknadsfrist for alle kategoriane er 15.mai 2020.

Vedtak om tildeling av midlane og annonsering av tildelte midlar vert gjort innan 15. juni 2020.

Eventuelle spørsmål rettast til Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane på epost: soknad@idrettsfondsf.no, eventuelt telefon til leiar av Stiftinga, Cecilie Thaulé Løvlid, tlf. 91848804. Utfylt og signert søknadsskjema sendast elektronisk til same e-postadresse.

Med helsing
Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane

Cecilie Thaulé Løvlid
Styreleiar

Ruth Sølvi Helland
Styremedlem

Arve Heimdal
Styremedlem

Vedlegg: Søknadsskjema
Retningsliner for søknad/tildeling